| | |
|---|---|
| Vår dato: | 26.08.2013 |
| Dykkar dato: | 02.07.2013 |
| Vår ref: | 1200053-1-1 |
| Dykkar ref: | 201208269 |

SFE

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO
e-post: nve@nve.no

# *HØYRINGSFRÅSEGN TIL ENDRINGSMELDING FOR STEINDAL KRAFTVERK I FLORA KOMMUNE. NETTSITUASJONEN.*

Vi viser til Dykkar e-post av 02.07.2013 med vedlagt kopi av endringsmelding frå Småkraft AS vedk. konsesjonssøknad for Steindal kraftverk i Flora kommune

I utgangspunktet viser vi til vår tidlegare høyringsuttale for 10 kraftverk i Flora kommune, der Steindal kraftverk var planlagt ein installasjon med ytelse 5,0 MW. Dette alternativet ville utløyse ei nettforsterking på linja Steindal- Ossstrupen (ca. 7,5 km) til LAHF 167 eller FeAl 95. 22 kV linja Grov – Osstrupen vil då vere fullt utnytta både med omsyn til termisk belastning og grense for spennongsvariasjonar i h.h.t FOL.

Vi ser av endringsmeldinga at det i eit av alterativa no planleggast for 6,1MW (Alt B) ny effekt i Steindal kraftverk. Dette vil medføre at også 22 kV linja frå Grov til Ossstrupen (ca. 7,5 km) må forsterkast, dvs ein må bygge om dagens linje KHF 50 til ei kraftigare linje med tilhøyrande kostnad.

Vi viser elles til vår tidlegare høyringsuttale.

Dersom det er andre spørsmål om nettsituasjonen i området, kan spørsmåla rettast til SFE Nett.

Med helsing
SFE Nett AS
Reidar Hope
Reidar Hope
Seniorrådgjevar

Kraftfull og nyskapande med lokale røter